



Nordhordland Revisjon IKS
Pb 16
5902 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/2575 - 15/18686

Saksbehandlar:
Ingvild Hjelmtveit
ingvild.hjelmtveit@meland.kommune.no

14.10.2015

Høyringsutkast - Rapport selskapskontroll MAKS AS

Viser til høyringsutkast til rapport frå selskapskontroll av MAKS AS, der rådmann er beden om å gje sin kommentar til førebels rapport.

Rådmann stadfestar at det ikkje er utarbeidd eigarskapsmelding eller eigarskapsstrategi for selskapet. Eigarskapsstrategi på generelt grunnlag har vore tema fleire gangar, men har til no ikkje ført til at kommunen har utarbeidd eigarskapsmelding. Kommunestyre gjorde i samband med budsjett for 2015 vedtak om at det skulle utarbeidast eigarskapsmelding. Rådmann har sett det tenleg å vente til det nye kommunestyret er konstituert med å setje i gang dette arbeidet.

Når det gjeld kor vidt det ligg føre kommunestyrevedtak for oppretting av selskapet så har vi funne to protokollar. Den eine frå då stiftinga Meland arbeidssenter vart oppretta i 1986 og den andre frå då stiftinga vart omgjort til AS. Begge protokollane vert lagd ved som vedlegg. I den første saka kan ein identifisere siktemåle med å organiserer eit eige selskap for å leggje til rette for arbeid for grupe som treng særskild tilrettelegging for kortare eller lenger tid. I den andre saka står det verken noko om kvifor ein vel å opprette selskapet eller korleis det skal styrast. Vi legg difor til grunn at intensjonen frå den første saka er vidareført. Dette er i og for seg og fanga opp i vedtektene for MAKS AS. Sakene gjev i liten grad signal til styre og generalforsamling om korleis kommunen vil utøve eigarskapet sitt.

Når det gjeld det faktum at rådmann peikar ut eit styremedlem, heng nok dette saman med historia. Eg ser poenget med at styremedlemmene kun representerer seg sjølv og såleis ikkje kan instruerast eller representere rådmann. På det viset har denne praksisen ikkje lenger nokon funksjon. Når det er sagt meiner eg at den styrerepresentanten rådmann har plukka ut er særskild kompetent og er ein god styrerepresentant uavhengig av måten ho er vald inn i styret på.

Med helsing

Ingvild Hjelmtveit
Rådmann

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.

Vedlegg:

Særutskrift frå møte i Kommunestyret 19.12.90, sak 145/90 - Omgjering av stiftelsen Meland Arbeidssenter til aksjeselskap

Særutskrift frå møte i FS 31.10.1990, sak 172/90 - Framlegg om å omgjere stiftelsen Meland Arbeidssenter til aksjeselskap

1+SV+_72694.pdf

Særutskrift frå møte i Kommunestyret 12.11.86

Vedlegg - særutskrift av møteboka

Mottakere:

Nordhordland Revisjon IKS

Pb 16

5902

ISDALSTØ